



KVINNHERAD
K O M M U N E

Seksjon kultur, næring og utvikling

Stian Hvidevold
Kvitavollsvegen 30

5454 SÆBØVIK

Sakshandsamar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Tore Eik	90559189	2020/1114-2		23.04.2020

LØYVE TIL NYDYR KING – Stian Hvidevold - GNR/BNR – 196/5 – delegert vedtak

Søkjjar: Stian Hvidevold
Delegert saksnummer: 2020/182
Søknad motteken: 20.04.20

Vedtak

Kvinnherad kommune gjev søkjjar løyve til nydyrking, sprenging og fylling av massar på eit areal på om lag 13 da på gnr/ bnr – 13 da som omsøkt. Arealet er innteikna på vedlagt kart.

Vedtaket er heimla i jordlova § 11 og forskrift om nydyrking.

Vilkår for løyvet


Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet i marka, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren må få melding om funna.

Søkjjar er ansvarleg for at det vert innhenta naudsynte løyve frå Direktoratet for mineralforvaltning når det gjeld uttak av stein.

Saksutgreiing

Søkjjar ynskjer å dyrka eit areal på om lag 13 da på garden sin. Området er i dag definert som skogsmark i gardskart. Det er ein del berg i overflata. Søkjjar har nyleg overteke garden og har utbyggingsplanar. Han har difor trong for å auka grovforproduksjonen. Det er dyrka areal på begge sider av omsøkt område. Ved å dyrka dette arealet vil ein og få betra arrondering og meir effektiv drift. Etter vårt syn vil ikkje nydyrkinga ha negative fylgjer for kulturlandskapet. Det er ikkje trong for nye vegar. Saka har vore sendt til fylkeskommunen for uttale etter kulturminnelova. Det har ikkje kome merknad.

Kart



Nydyrkinga må iversetjast innan 3 år frå vedtaksdato. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet må det søkjast om endring.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

For kommunedirektøren i Kvinnherad

*Tore Eik
Rådgjevar*

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg: